

Hosteland, den 11. 09.2023

Til rådmannen i Masfjorden

Kopi til teknisk sjef

Angående manglende rutinar for varsling ved vegarbeid

10. september om kvelden kørde eg Areklettvegen på veg heim. Like etter søndre avkøyrsla til byggjefeltet ved Skilsundet var ein i gang med å frese ut høvesvis djupe og breie spor på tvers av vegbanen. Det var sett opp varselmerke for vegarbeid på begge sider av området der det vart arbeidd. Men det skulle syne seg at sør for eine varselmerket var det laga fleire tverrgående spor i vegbana, og desse var ikkje merka. Resultatet var at eg kørde nedi eit slikt umerka spor utan å vere førebudd på dette.

For meg var det ei ubehageleg oppleving, men eg trur ikkje eg fekk skade på bilen. Derimot er eg uvisst på om konsekvensane hadde vore dei same, dersom det var ein person på motorsykel eller moped som uforvarande hadde sett framhjulet sitt ned i eit slikt spor. Det er fleire som kører på Areklettvegen med slike køyrety.

Eg går ut frå at arbeidet som pågår, har samanheng med at det skal lagast nye fartsdumper på vegen, noko eg for øvrig har full forståing for. Men eg har inga forståing for at kommunen set i gang arbeid på ein veg folk er henviste til å nytte, utan å varsle dei dette vedkjem. Eit minstemål vil vere å informere om kva som skal gjerast, når arbeidet skal utførast, og kva omsyn folk må ta i arbeidsperioden. Etter det eg veit, har kommunen høve til å varsle dei dette angår, direkte via SMS. Men kommunen har også tilgjenge til andre kanalar.

Eg kan ikkje sjå at Masfjorden kommune har foreteke seg noko som helst for å informere oss det gjeld. Dette vil eg ikkje kalle ein rutinesvikt, for etter å ha budd i Areklettvegen i meir enn 40 år, har eg røynt at rutinen er nettopp at kommunen ikkje ser ut til å bry seg om å orientere om den slags. Til tider har dette ført med seg at vi som bur her, og ikkje har alternativ ferdsleveg, er blitt sterkt forseinka til avtalar – som kjent kan ei fem minutts forseinking til ei ferje føre med seg ei adskillig lenmgre ventetid.

Slikt hadde ikkje vore naudsynt dersom vi var blitt varsla slik kunne ha innretta oss etter varselet. Dette burde det ikkje vere vanskeleg å endre på. Kommunen har informasjonskanalar til rådvelde. Det handlar om å innarbeide litt andre rutinar enn dei ein no fylgjer. Og eg forventar av kommunen at vi alt i samband med dei arbeidasono er sett i gang, vert informert om kva som skjer, når det skal skje, og kva forseinkingar vi må ta høgde for.

Venleg helsing

Rune Garmann